

KOMMISJONSDIREKTIV (EU) 2019/1831**2023/EØS/2/71****av 24. oktober 2019****om fastsetjing av ei femte liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF og om endring av kommisjonsdirektiv 2000/39/EF(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 98/24/EF av 7. april 1998 om vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I det 10. prinsippet i den europeiske søyla for sosiale rettar⁽²⁾, som vart kunngjort i Göteborg 17. november 2017, vert det slått fast at arbeidstakarar har rett til eit sunt, trygt og godt tilrettelagt arbeidsmiljø. Retten til eit godt helse- og tryggleiksvern på arbeidsplassen og til eit arbeidsmiljø som er tilrettelagt for arbeidstakarane sine behov og gjer dei i stand til å delta på arbeidsmarknaden i lengre tid, omfattar òg vern mot eksponering for kjemiske agensar på arbeidsplassen.
- 2) I meldinga si om tryggare og sunnare arbeid for alle⁽³⁾ framheva Kommisjonen tydeleg at det er naudsynt å halde fram med å betre vernet av arbeidstakarar mot eksponering for farlege kjemikaliar på arbeidsplassen.
- 3) I medhald av direktiv 98/24/EF skal Kommisjonen gjere framlegg om mål for Den europeiske unionen (EU) i form av rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet som skal fastsetjast på EU-plan, for å verne arbeidstakarar mot risikoane i samband med eksponering for farlege kjemikaliar.
- 4) Ved artikkel 3 nr. 2 i direktiv 98/24/EF får Kommisjonen fullmakt til å fastsetje eller revidere dei rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet, samstundes som han skal ta omsyn til tilgjengelege måleteknikkar, på grunnlag av tiltak som vert vedtekne etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 17 i rådsdirektiv 89/391/EØF⁽⁴⁾.
- 5) I artikkel 3 nr. 1 i direktiv 98/24/EF er det fastsett at Kommisjonen ved hjelp av ei uavhengig vitskapleg vurdering av dei nyaste vitskaplege dataa skal vurdere tilhøvet mellom helseverknadene av farlege kjemiske agensar og graden av eksponering i arbeidet.
- 6) Når Kommisjonen utfører denne oppgåva, skal han få hjelp av Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdiar (SCOEL), som er oppnemnt ved kommisjonsavgjerd 2014/113/EU⁽⁵⁾.
- 7) Etter direktiv 98/24/EF tyder «grenseverdi for eksponering i arbeidet», dersom ikkje anna er spesifisert, grensa for den tidsvegne gjennomsnittskonsentrasjonen av ein kjemisk agens i lufta i pustesona til ein arbeidstakar, i høve til ein fastsett referanseperiode.
- 8) Rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet er helserelaterte verdiar som er rekna ut på bakgrunn av nyaste tilgjengelege vitskaplege data, og vedtekne av Kommisjonen, samstundes som det vert teke omsyn til tilgjengelege måleteknikkar. Dei er terskelverdiar for eksponering, som vil seie at under dette nivået er det generelt ikkje venta at ein kjemisk agens skal ha nokon skadeverknad ved kortvarig eller dagleg eksponering gjennom eit yrkesliv. Dei utgjer EU-mål og skal hjelpe arbeidsgjevarar å definere og vurdere risikoar og gjennomføre førebyggjande tiltak og vernetiltak, i samsvar med direktiv 98/24/EF.

(*) Denne uionsrettsakten, kunngjort i EUT L 279 av 31.10.2019, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 226/2020 av 11. desember 2020 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av menn og kvinner), ennå ikke kunngjort.

(¹) TEF L 131 av 5.5.1998, s. 11.

(²) Den europeiske søyla for sosiale rettar, november 2017, https://ec.europa.eu/commission/priorities/deeper-and-fairer-economic-and-monetary-union/european-pillar-social-rights_en

(³) Kommisjonsmeldinga «Safer and Healthier Work for All — Modernisation of the EU Occupational Safety and Health Legislation and Policy» COM/2017/012 final. <http://ec.europa.eu/social/main.jsp?langId=en&catId=89&newsId=2709>

(⁴) Rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrar arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen (TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1).

(⁵) Kommisjonsbeslutning 2014/113/EU av 3. mars 2014 om nedsettelse av ein vitenskapskomité for grenseverdiar for eksponering i arbeidet for kjemiske agensar og om oppheving av beslutning 95/320/EF (TEU L 62 av 4.3.2014, s. 18).

- 9) I samsvar med tilrådingar frå SCOEL er det fastsett rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på åtte timar (grenseverdiar for langvarig eksponering) og, for visse kjemiske agensar, i høve til kortare referanseperiodar, som vanlegvis er eit tidsvege gjennomsnitt på 15 minuttar (grenseverdiar for kortvarig eksponering), for å ta omsyn til verknadene av kortvarig eksponering.
- 10) For alle kjemiske agensar som det er fastsett ein rettleiande grenseverdi for på EU-plan, skal medlemsstatane fastsetje ein nasjonal grenseverdi for eksponering i arbeidet. Når dei gjer dette, skal dei ta omsyn til EU-grenseverdien og avgjere i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis kor den nasjonale grenseverdien skal liggje.
- 11) Rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet er ein viktig del av dei allmenne tiltaka for å verne arbeidstakarar mot helserisikoar som følgjer av eksponering for farlege kjemikalier.
- 12) I samsvar med artikkel 3 i direktiv 98/24/EF har SCOEL vurdert tilhøvet mellom dei helseskadelege verknadene av dei kjemiske agensane som er lista opp i dei ti postane i vedlegget til dette direktivet, og graden av eksponering i arbeidet. For alle desse kjemiske agensane har det tilrådd å fastsetje rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet gjennom innandring, i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på åtte timar. Det bør difor fastsetjast grenseverdiar for langvarig eksponering for alle desse agensane i vedlegget til dette direktivet.
- 13) For nokre av desse kjemiske agensane, nemleg anilin, trimetylamin, 2-fenylpropan (kumen), sec-butylacetat, 4-aminotoluen, isobutylacetat, isoamylalkohol, n-butylacetat og fosforyltriklorid, tilrådde SCOEL òg å fastsetje grenseverdiar for kortvarig eksponering.
- 14) For visse stoff er det naudsynt å ta omsyn til mogleg opptak gjennom huda for å sikre eit best mogleg vern. Blant dei kjemiske agensane som er oppførte i vedlegget til dette direktivet, påviste SCOEL mogleg opptak av ei større mengd gjennom huda av anilin, 2-fenylpropan (kumen) og 4-aminotoluen. Difor bør vedlegget til dette direktivet innehalde merknader om at ei større mengd av desse kjemiske agensane kan takast opp gjennom huda, i tillegg til dei rettleiande grenseverdiane for eksponering i arbeidet.
- 15) Ein av desse kjemiske agensane, 2-fenylpropan (kumen), er for tida oppført i vedlegget til kommisjonsdirektiv 2000/39/EF⁽⁶⁾. SCOEL har tilrådd å fastsetje ein ny rettleiande grenseverdi for eksponering for dette stoffet i arbeidet. Det er difor føremålstenleg å føre opp ein revidert grenseverdi for 2-fenylpropan (kumen) i vedlegget til dette direktivet og å fjerne den tilsvarande posten frå vedlegget til direktiv 2000/39/EF.
- 16) I samsvar med den felles politiske fråsegna frå medlemsstatane og Kommisjonen av 28. september 2011 om forklarande dokument⁽⁷⁾ har medlemsstatane plikta seg til at meldinga om innarbeidingstiltaka i rettkomne tilfelle skal følgjast av eitt eller fleire dokument som viser samanhengen mellom dei ulike delane av eit direktiv og dei tilsvarande delane av dei nasjonale innarbeidingsdokumenta.
- 17) Med omsyn til dette direktivet meiner Kommisjonen at det er god grunn til å oversende slike dokument i form av ein tabell som viser samanhengen mellom dei nasjonale tiltaka og dette direktivet, ettersom det for visse av agensane alt finst nasjonale grenseverdiar for eksponering i arbeidet i nasjonal lovgjeving, og ettersom dei nasjonale rettsreglane for fastsetjing av grenseverdiar for eksponering i arbeidet er ulike og av teknisk karakter.
- 18) Det rådgjevande utvalet for helse og tryggleik på arbeidsplassen vart rådspurt i samband med artikkel 3 nr. 2 i direktiv 98/24/EF og gav fråsegnene sine 6. desember 2017 og 31. mai 2018. Utvalet vedgjekk at det finst utfordringar når det gjeld tilgang på målemetodar som kan nyttast til å vise samsvar med dei framlagde grenseverdiane for fosforyltriklorid og isoamylalkohol, og at det bør gjerast ein innsats for å sikre at eigna teknikkar er tilgjengelege innan utgangen av overgangsperioden.
- 19) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet for teknisk utvikling som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i rådsdirektiv 89/391/EØF.

⁽⁶⁾ Kommisjonsdirektiv 2000/39/EF av 8. juni 2000 om fastsetjing av ei første liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF om vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen (TEF L 142 av 16.6.2000, s. 47).

⁽⁷⁾ TEU C 369 av 17.12.2011, s. 14.

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Det vert fastsett ei femte liste over rettleiande EU-grenseverdiar for eksponering i arbeidet for dei kjemiske agensane som er oppførte i vedlegget.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal fastsetje nasjonale grenseverdiar for eksponering i arbeidet for dei kjemiske agensane som er oppførte i vedlegget, samstundes som dei tek omsyn til EU-grenseverdiane.

Artikkel 3

I vedlegget til direktiv 2000/39/EF går tilvisinga til kumen ut med verknad frå 20. mai 2021.

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal innan 20. mai 2021 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet.

Dei skal straks sende over til Kommissjonen teksten til desse føresegnene og sende med eitt eller fleire forklarande dokument i form av tabellar som viser samanhengen mellom føresegnene og dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksten til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 5

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 6

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 24. oktober 2019.

For Kommissjonen

Jean-Claude JUNCKER

Formann

VEDLEGG

EF-nr. ⁽¹⁾	CAS-nr. ⁽²⁾	Namnet til den kjemiske agensen	Grenseverdier				Merknad ⁽³⁾
			8 timar ⁽⁴⁾		Kortvarig ⁽⁵⁾		
			mg/m ³ ⁽⁶⁾	ppm ⁽⁷⁾	mg/m ³ ⁽⁶⁾	ppm ⁽⁷⁾	
200-539-3	62-53-3	anilin ⁽⁸⁾	7,74	2	19,35	5	Hud
200-817-4	74-87-3	klormetan	42	20	-	-	-
200-875-0	75-50-3	trimetylamin	4,9	2	12,5	5	-
202-704-5	98-82-8	2-fenylpropan (kumen) ⁽⁸⁾	50	10	250	50	Hud
203-300-1	105-46-4	sec-butylacetat	241	50	723	150	-
203-403-1	106-49-0	4-aminotoluen	4,46	1	8,92	2	Hud
203-745-1	110-19-0	isobutylacetat	241	50	723	150	-
204-633-5	123-51-3	isoamylalkohol	18	5	37	10	-
204-658-1	123-86-4	n-butylacetat	241	50	723	150	-
233-046-7	10025-87-3	fosforyltriklorid	0,064	0,01	0,13	0,02	-

(¹) EF-nr.: Det europeiske fellesskapets (EF) nummer, den numeriske identifikasjonskoden for stoff i Den europeiske unionen.

(²) CAS-nummer: Chemical Abstract Service Registry Number.

(³) Dersom merknaden «Hud» står til ein grenseverdi for eksponering i arbeidet, tyder dette at ei større mengd kan takast opp gjennom huda.

(⁴) Målt eller utrekna i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt (TWA) på åtte timar.

(⁵) Grenseverdi for kortvarig eksponering. Ein grenseverdi som ikkje må overskridast. Den viser til eit tidsrom på 15 minutt med mindre anna er oppgjeve.

(⁶) mg/m³: milligram per kubikkmeter luft. For kjemikalier i gass- eller dampfase vert grenseverdien uttrykt ved 20 °C og 101,3 kPa.

(⁷) ppm: milliondelar etter volum i luft (ml/m³).

(⁸) Under overvaking av eksponering bør det takast omsyn til verdier frå relevant biologisk overvaking etter framlegg frå Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdier (SCOEL).